



VINDAFJORD
KOMMUNE

Del II Kontraksgrunnlag

13.01.2023

Pris- og designkonkurransen med samspel

Symjehall og bygdehus

Vindafjord kommune





INNHALD

A. GENERELL DEL	3
A.1 Innleiing	3
A.2 Kort om kontraktarbeidets omfang.....	3
A.3 Entreprenemodell	3
A.4 Dokumentliste	3
B.KONTRAKTSBESTEMMELSAR.....	4
B.0 Kontraksbestemmelar for Samspelsfase	4
B.1 Allminnelege kontraksbestemmelar for Totalentreprise	5
B.2 Spesielle kontraksbestemmelar for Totalentreprise	5
C.TEKNISKE KRAV.....	11
C.1 Tekniske rammebetingelsar	11
C.1.1 Ytre miljø	11
C.1.2 Grunnforhold.....	11
C.1.3 Eksisterande konstruksjonar og installasjonar i grunn.....	11
C.2 Teknisk beskriving	12
C.2.1 Strategidokument.....	12
C.2.2 Romprogram.....	12
C.2.3 Kravsspesifikasjonar Bygg og Tekniske anlegg	12
C.3 Teikningar og modellar.....	12
C.4 Tekniske referansedokument.....	12
C.4.1 Disponibel tomt / entreprisegrense	12
C.4.2 Reguleringsplan og føresegner.....	12
C.4.3 Kartgrunnlag for infrastruktur	13
D.KRAV TIL BYGGEPROSESS.....	13
D.1 Administrative rutinar	13
D.1.1 Kommunikasjon.....	13
D.1.2 Fakturering og kostnadsfordeling	13
D.1.3 Møter.....	13
D.1.4 Rapportering.....	14
D.2 Kvalitetssikring	14
D.2.1 Kvalitetsplan	14
D.2.2 Oppfølging av kvalitetsplan	14
D.2.3 Uavhengig kontroll iht. SAK10 og kontroll utover forskriftskrav	14
E.FRISTER OG DAGMUKLTER	15
E.1 Fristar.....	15
E.2 Dagsmulkt.....	15
F.VEDERLAG	16
F.1 Prissamanstilling.....	16
F.2 Regulering.....	16



A. GENERELL DEL

A.1 Innleiing

Det skal byggjast symjehall og bygdehus i Vats i Vindafjord kommune. Symjehallen skal ha naudsynte funksjonar for å dekkja kommunens krav til symjeopplæring. Den skal også vera attraktiv for leik- og vassaktivitet og mosjon- og symjetrening.

Bygdehuset skal vera møtestad for Vats-bygda. Bygget skal gje moglegheiter for små og store arrangement, samt vera ein naturleg møtestad for uformelle samankomstar.

A.2 Kort om kontraktarbeidets omfang

Bygdehuset og symjeanlegget skal byggjast som separate einingar, men samstundes ha samanbygd kommunikasjonsareal. Bygga skal oppførast kostnadseffektivt, vera framtidsretta og energieffektive. I romprogrammet er symjehallen gitt eit nettoareal på 1285m² og bygdehuset eit nettoareal på 720m².

På tomta er det gjenståande betongkonstruksjonar etter tidlegare bygg som vart totalskadd i brann sommaren 2019. Ein del av prosjektet vil vera å vurdere nytteverdi for gjenståande konstruksjonar og riving av resterande.

Planlagt byggestart er sett til november 2023 og ferdigstilling januar 2025.

A.3 Entreprisemodell

Prosjektet er organisert som ein pris- og designkonkurranse med samspel.

Etter samspelfasen vert det inngått ein totalentreprisekontrakt basert på omforent forprosjekt. Konkurransen vert gjennomført i to trinn. I trinn 1, søknad om prekvalifisering, vert det valt 3-5 leverandørar som vert invitert til å gje tilbod på konkurransen i trinn 2. Det skal inngås separat avtale for samspelfasen.

A.4 Dokumentliste

Sjå eiga dokumentliste for konkurransegrunnlag.



B. KONTRAKTSBESTEMMELSAR

B.0 Kontraksbestemmelar for Samspelsfase

Prosjektet vert gjennomført med ei samspelsfase fram til eit omforeint forprosjekt. Søknad om rammeløyve skal skje i denne perioden. Det inngås ei separat avtale for samspelsfasen.

I samspelsfasen skal det mellom anna utarbeidast komplett forprosjekt. Det skal innehalda:

- Situasjonsplan 1:500
- Planer, snitt og fasadar 1:200
- Himlingsplanar 1:200
- Lydplanar og brannplanar inklusiv beskriving av brannkonsept og akustikk
- Materialkvalitet på golv og vegg vist på teikningar
- Berekonstruksjon med nødvendige detaljar av yttervegg og tak.
- Tekniske løysingar for alle tekniske fag med tilhøyrande teikningar inklusive nødvendige berekningar og anna relevant dokumentasjon.
- Nødvendige snitt - og detaljprinsipp
- Arealoversikt (netto og brutto m²)
- Møbleringsplanar 1:200
- Riggplan
- Framdriftsplan
- Faktureringsplan
- Organisasjonskart

Dersom det i samspelsfasen vedtas endringar under utvikling av forprosjekt, skal dette fortløpande prisast av entreprenør. Det må påreknast endringar som både aukar og reduserer pris i forhold til opprinneleg tilbod.

Meinar entreprenøren at dei slutningar som tas om utforming av prosjektet i samspelsfasen førar til at han må utføra eit arbeid som ligg utanfor hans plikter etter kontrakten, må han varsle etter NS 8407.

Vindafjord kommune forbeheld seg retten til å avslutta kontraktsforholdet etter behandling av forprosjekt dersom det føreligger saklege grunnar for det. Ved eventuell avslutning av kontraktsforholdet vil gruppa bli kompensert for sitt arbeid med forprosjektet i henhold til bindande pristilbod.

Byggherren vil ved ei terminering av kontraktsforholdet få full eigedomsrett til forprosjektet materialet.



B.1 Allminnelege kontraktsbestemmelsar for Totalentreprise

NS 8407 «Alminnelige kontraktsbestemmelser for totalentreprise» gjeld som generelle kontraktsbestemmelsar med følgjande endringar:

B.1.1 Punkt 7.3 Byggherres sikkerheitsstillelse

Byggherre stiller ikkje sikkerheit.

B.1.2 Punkt 8.1 Totalentreprenørens plikt til å holde kontraktsgjenstanden forsikret.

Byggherre teiknar ikkje forsikring av bygget under oppføring.

Følgjande skal leggest til:

«Forsikringa skal ikkje innehalda bestemmelser som begrensar forsikringsytingar for arbeid som utførar av underentreprenørar.

Forsikringa forutsett å dekke alle arbeid som totalentreprenør skal utføra i prosjektet».

B.1.3 Punkt 24.2 Avtalt risikoovergang

Totalentreprenøren har risikoen for løysingar og prosjektering som er skildra av byggherren før kontraktsinngåinga.

Gjennom mottaking og gjennomgang av materialet i forbindelse med tilbodsinnlevering ansjåast det at Totalentreprenøren har føretatt kontroll i henhold til NS 8407 pkt. 24.2.2.

B.2 Spesielle kontraktsbestemmelsar for Totalentreprise

B.2.1 Plikter

Arbeidet skal utførast av totalentreprenøren og dennes tilsette i tenesteforhold, eventuelt ved underentreprenør og deira tilsette, eller ved bruk av lovleg innleigd arbeidskraft.

Byggherren kan bestemme avtale om underentreprise med enkeltpersonføretak eller bruk av innleigd arbeidskraft skal godkjennast skriftleg av byggherren. Byggherrens godkjenning endrar ikkje totalentreprenørens forpliktingar overfor byggherren.

Totalentreprenøren kan ikkje, utan byggherrens skriftlege samtykke, ha fleire enn to ledd underentreprenørar i kjede under seg.

Ved inngåing av kontraktar om underliggende entreprise- og tenesteforhold eller innleige av personell (heretter omtalt som underleverandørar) skal totalentreprenøren innhente:



- Attest for skatt (skatt, forskuddstrekk, påleggstrekk, arbeidsgiveravgift)
- Attest for meirverdiavgift

Frå underleverandører, jf. Anskaffelsesforskriften §§ 3-3 (4), 8-7 (4) og 17-14 (4).

Frå underleverandørar med forretningsadresse i andre EØS-land enn Norge, skal det innhentast tilsvarende attester iht. anskaffelsesforskrift § 20-12 (3).

Totalentreprenøren skal også kreve HMS-egenerklæring i underliggende leverandørforhold.

Ved inngåing av kontraktar i tilknytning til oppdrag som overstig ei verdi på NOK 500.000 eks mva, jf. forskrift om offentlege anskaffingar §§ 8-8 (3) og 17-15 (3).

Totalentreprenøren skal til ei kvar tid dokumentera at den anvendte arbeidskraft oppfyll Kontraktens bestemmelser, herunder at underentreprenørar/ kontraksmedhjelpar har oppfylt sine forpliktingar overfor skattemyndigheitene. Dokumentasjonsplikta omfattar også underentreprenøren/ den prosjekterande og dennes personell. Perm med overnemnte skatteattestar og HMS-egenerklæringer skal til ei kvar tid finnes på byggeplass.

Alle avtalar om underentrepriser/ prosjektering skal innehalde likelydande bestemmelser om arbeidets utføring, forhold på byggeplassen, eigedomsrett og andre rettigheter til kontraksarbeid og materialar og utføring ved underentreprise/ kontraksmedhjelpar som i denne kontrakt. For øvrig skal nemnte avtalar ikkje innehalde noko som reduserar byggherrens rett etter kontrakten.

B.2.2 Plikt til bruk av lærlingar

Det er eit krav at lærlingar skal delta i utføring av kontraktarbeidet. Kravet kan oppfyllest av totalentreprenøren eller ein eller fleire av hans underentreprenørar.

Arbeidstimane utført av ein eller fleire lærlingar, jf. opplæringslova § 4-1, skal utgjera minimum 7 % av arbeidande timer i utførande fag (dei fag som omfattast av utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk, elektrofag samt anleggsgartnarfaget). Som lærling reknast også lære kandidat, praksisbrevkandidat og kandidat til fagbrev på jobb.

B.2.3 Plikt å bruke faglærde handverkarar

I kontrakten skal minimum 60 % av arbeidande timer utførast av personar med fag- eller sveinebrev. Ikkje-nordiske fag- eller sveinebrev må vera godkjent av NOKUT for å reknast med. Alle avtalar totalentreprenøren inngår om utføring av arbeid under denne kontrakten, og der hovudtyngda av kontraktarbeidet er bygg- og anleggsfaga



(dei fag som omfattast av utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk, elektrofag samt anleggsgartnerfaget), skal innehalde tilsvarande krav.

B.2.4 Sanksjonar

Oppdragsgjevar kan holde tilbake inntil 5 promille av kontraktssummen dersom plikta bruk av lærlingar eller faglærde handverkarar vert misligheldt eller det er grunn til å tru at slikt misligheld vil inntreffa, og forholdet ikkje blir retta innan ein rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel frå byggherren.

Brot på totalentreprenørens plikt til å innhenta HMS-eigenerklæring eller skatteattestar, gir byggherren rett til å krevje at totalentreprenøren erstattar vedkommande kontraktsmedhjelpar med ein annan kontraktsmedhjelpar som kan legge fram dei aktuelle opplysningane.

Det same gjeld dersom opplysningane i skatteattestar, eller innhenta eigenerklæringar viser at underleverandør eller innleigd personell ikkje har oppfylt sine forpliktingar overfor skattemyndigheitene og andre myndigheiter. Omkostningane som følgje av heving av underentreprenørs/ kontraktsmedhjelpars avtale, skal berast av totalentreprenøren.

Byggherren kan krevje dagmulkt dersom totalentreprenøren sjølv eller nokon av hans kontraktsmedhjelparar anvend ulovleg eller ikkje kontraktsmessig arbeidskraft, og forholdet ikkje vert retta innan rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel frå byggherre. Mulкта løp frå fristens utløp til forholdets opphør. Mulкта per kvardag skal utgjera ein promille av kontraktssummen, men ikkje mindre enn NOK 10.000. Mulкта skal betalast i tillegg til eventuell dagmulkt for forsenkinga.

Unnlating av å rette feilen innan fristens utløp, sjåast på som vesentleg misleghald som kan påropast av byggherren som grunnlag for heving i ei periode på 1 månad etter fristens utløp.

Byggherren har rett til å tre inn i totalentreprenørens kontraktar med underentreprenørar, underleverandørar eller andre kontraktmedhjelparar i dei tilfella kor totalentreprenøren misligheld kontrakten, stansar sine betalningar, vert insolvent eller går konkurs.

Totalentreprenøren pliktar å sikra byggherren denne rett ved å innta klausular, som ivaretar desse rettigheitene i kontraktane med sine underentreprenørar, underleverandørar eller andre kontraktsmedhjelparar.

Byggherren avgjør sjølv om han ynskjer å tre inn i ein eller fleire kontraktar, og ein eventuell inntreden fråtek ikkje totalentreprenøren det kontraktsmessige ansvar han



elles måtte ha. Byggherren skal gi totalentreprenøren 14 dagars skriftleg varsel før han nyttar denne rett.

B.2.5 SHA

Totalentreprenør skal utarbeida SHA-plan basert på byggherrens overordna SHA-plan. Byggherrens prosjektleiar vil vera byggherrens representant etter byggherreforskrifta. Gruppas prosjekteringsleiar skal vera SHA-koordinator i prosjekteringsfasen.

Byggherren vil utpeika SHA-koordinator for utføringsfasen.

B.2.6 Saksbehandlar

Aktørane kan ikkje for noko fagområde bytte saksbehandlar utan byggherrens samtykke. Saksbehandlarar som av sakleg grunn ikkje kan fullføra oppdraget må erstattast med ny saksbehandlar med tilsvarande kompetanse og erfaring som tilbode saksbehandlar. Dette gjennomførast med byggherrens samtykke.

B.2.7 BIM-manual

Det skal prosjekterast i BIM.

Alle kostnader knyttet til etablering og drift skal inngå i tilbudet fra totalentreprenør.

B.2.8 Prøvedrift

Med mindre anna er avtalt skal det gjennomførast ein prøvedriftsperiode på tekniske anlegg og installasjonar (heretter samla kalla tekniske anlegg).

Byggherre har ansvar for den daglege drifta av dei tekniske anlegga i prøvedriftsperioda, men feil, manglar og andre kontraktuelle forhold skal ivaretas av totalentreprenøren.

Med prøvedriftsperiode meinast eit avtalt tidsrom kor anlegget prøvast under normale driftsforhold, innbefatta samkjøring og om nødvendig, integrert systemtesting med andre tekniske anlegg, og kor byggherren i prøvedriftsperioda har slik disposisjonsrett som nemnt nedanfor.

Oppstart av prøvedriftsperioden skjer før overtaking, men etter avhalde og godkjent ferdigbefaring og når funksjonsprøvar er ferdig og kontrollert (ferdigstilling). For ferdigbefaringa og rett til å nekte å godkjenne ferdigbefaringa, gjeld reglane for overtakingsforretning i NS 8407 pkt. 36, 37.1 til 37.3 tilsvarande.

Oppstart av prøvedriftsperiode inneber følgjande:

- Byggherren får rett til å ta tekniske anlegg og resten av kontraktsarbeida i bruk.



Prøvedrift har følgjande hensikt:

- Kontrollera at anlegga fungerer tilfredsstillande
- Vise at funksjonar og anlegg er stabile over tid
- Etterkontrollera og justera (regulerings)funksjonar basert på driftserfaring
- Kontrollera at anlegg for øvrig er i henhold til kontraktens funksjonskrav
- Gi driftspersonell opplæring og driftserfaring saman med totalentreprenøren/leverandørane av dei enkelte anlegga
- Rette feil og manglar som avdekkast i prøvedriftsperioda

B.2.6.1 Justering av prøvedriftsperiodens lengde

Totalentreprenøren skal, i samråd med byggherren, ha anledning å ta tekniske anlegg ut av drift i kortare periodar for utbetring eller reparasjon mot tilsvarande forlenging av prøvedriftsperioda.

Dersom byggherren kan påvisa at dei tekniske anlegga ikkje oppfyll kontraktens funksjonskrav samanhengande dei fire siste vekene av prøvedriftsperioda, eller dersom prøvedriftsperioda av anna årsak ikkje har fungert etter sin hensikt i same periode, forbehold byggherren seg retten til å krevje prøvedriftsperioda forlenga inntil desse krav er oppfylt. Ei slik forlenging av prøvedriftsperioda gir ikkje totalentreprenøren grunnlag for tilleggskrav.

B.2.6.2 Overtaking

Overtakingsforretning skal haldast i rimeleg tid etter utløpet av prøvedriftsperioda. Overtaking av kontraktsarbeida skjer først etter utløpet av prøvedriftsperioden og gjennomført overtakingsforretning.

B.2.9 FDVU

FDVU-leveransen er å sjå som ein del av kontraktsarbeida på lik linje med resten av leveransen. Entreprenøren er ansvarleg for alle FDVU-leveransar frå sine underentreprenørar og leverandørar, samt å koordinera og stille saman FDVU-dokumentasjonen frå desse.

FDVU-dokumentasjonen skal føreligge tre veker før opplæringa gjennomførast. Opplæring skal vera gjennomført før ferdigbefaringa.

Dokumentasjonen skal gi eigar og driftspersonale all nødvendig informasjon for rasjonell drift, vedlikehald og forvaltning av anlegget. Slik dokumentasjon skal vera oversiktleg og lagt inn på prosjekthotet og digitalt FDVU-system som byggherre nyttar (Famac-Web).

Overlevering av anlegget kan ikkje skje før byggherre har signert på at komplett FDV dokumentasjon er mottatt.



B.2.10 Prosjekthotell

Totalentreprenør skal nytta prosjekthotell.

Kostnader ved etablering og drift skal inngå i tilbudet fra totalentreprenør.

B.2.11 Prosjektering og offentlege løyver og godkjenningar

Det vert lagt til grunn at entreprenør skal stå som ansvarshavande for eigne arbeider i henhold til gjeldande lovverk. Entreprenøren skal sjølv sørge for skriftlig godkjenning for dette.

Totalentreprenør er ansvarleg søker for alle nødvendige løyver og godkjenningar.

B.2.12 Rigg og drift

Alle rigg- og driftskostnader skal inngå i tilbudet. Totalentreprenør er også ansvarleg for kabelpåvising samt framlegging av byggestraum utover entreprisegrensa.

Byggeplassområdet må gjerdast inn.

Ved overlevering skal bygget vera reingjort og golvbelegg ha rett overflatebehandling. Det må påreknast reinhold av golv 2 gonger før overlevering av bygningsmessige arbeider.

B.2.13 Reint bygg

Bygget skal produserast etter Rent Tørt Bygg-metoden slik dette er beskrevet i Rent Tørt Bygg håndboka.

B.2.14 Undersøking av lokale forhold

Før innlevering av tilbod skal entreprenøren ha gjort seg kjent med lokale forhold på byggeplass, og også andre forhold som kan ha betydning for utføring av entreprenørens arbeider, eller medfører ansvar. Unnlating eller feiltakingar i noko som helst form med hensyn til ovennevnte som i ettertid får konsekvenser for entrepriser og økonomisk avregning mot byggherren, bærer entreprenøren risikoen for, og berettiger ikke til ekstra krav.



C. TEKNISKE KRAV

C.1 Tekniske rammebetingelsar

C.1.1 Ytre miljø

Totalentreprenør må ta omsyn og gjera naudsynte tiltak i samband med lokasjon.

Prosjektområde ligg ved idrettsplassen til SK Vats, ved Vats skule, Vats kyrkje og Vats bedehus/soknehus. Det vil til tider opphalda seg mykje born og ungdom i området, veg og parkeringsplass langs prosjektområdet må vera open og tilgjengeleg og ved gravferder og arrangement i Vats kyrkje må det i lita grad føregå støyande aktivitet.

C.1.2 Grunnforhold

I samband med utbygginga i 1992 vart det utarbeida eit geoteknisk notat, sjå vedlegg. Notatet er å sjå på som orienterande. Grunnforhold omtalt i notatet kan leggst til grunn for pristilbod som leverast ved løysningsforslaget.

I samspelsfase skal Totalentreprenør utføra naudsynte supplerande geotekniske undersøkingar for komplett geoteknisk prosjektering og ansvar. Om det vert avdekkja andre forhold enn vedlagt notat opplyser ber byggherren ansvar for dette.

C.1.3 Eksisterande konstruksjonar og installasjonar i grunn

I 2019 vart eksisterande symjehall og bygdehus totalskadd i brann. Det er utarbeida rapportar som omtalar skadeomfang og restverdi av gjenståande konstruksjonar. Det er også utarbeida miljøkartleggingsrapport som syner krav ved rivning.

Konstruksjonar som i rapportane er vurdert skadd og utan restverdi skal rivast. For øvrige konstruksjonar og anlegg er det opp til totalentreprenør å vurdere nytteverdi. Om Totalentreprenør vel å nytta noko av konstruksjonane og installasjonane i grunnen vil han vera ansvarleg for at dette har tilsvarende kvalitet og eigenskapar som nye konstruksjonar. Krav til dagens gjeldande tekniske forskrifter og standardar må følgast.

Konstruksjonar og installasjonar som ikkje nyttas skal rivast. Avfallshandtering og eventuell gjenbruk av massar er Totalentreprenøren sitt ansvar og eigedom.

Om det er behov for miljøkartlegging utover vedlagt er Totalentreprenøren ansvarleg for dette.



C.2 Teknisk beskriving

Symjeanlegg og bygdehus skal byggast som passivhus iht. NS3701 «Kriterier for passivhus og lavenergibygningar – Yrkesbygningar».

Bygga skal ha minimum energiklasse B, grøn etter TEK17.

C.2.1 Strategidokument

Sjå vedlegg. Dokumentet angir mål og funksjonar som byggherren vektlegg.

C.2.2 Romprogram

Sjå vedlegg. Areal er nettoareal og skal oppfattast som minsteareal for dei enkelte romma. Det er likevel mogleg å legge til grunn eit mindre areal enn oppgitt, men tilbydar skal då grunngje dette i prosjektforslaget.

C.2.3 Kravsspesifikasjonar Bygg og Tekniske anlegg

Sjå vedlegg.

C.3 Teikningar og modellar

Det er frå byggherre ikkje utarbeida nokon løysingsforslag eller modellar.

C.4 Tekniske referansedokument

C.4.1 Disponibel tomt / entreprisegrense

Sjå vedlegg. Prosjektet skal løysast innanfor angitt disponibel tomt/ entreprisegrense. Totalentreprenør har ansvar for at det vert eit heilheitleg område.

Byggherre har ansvar for framlegging av infrastruktur til entreprisegrensa.

C.4.2 Reguleringsplan og føresegner

Sjå vedlegg. Det kan påreknast å få innvilga fråvik frå arealføremål innafor prosjektområde og frå reguleringsføresegnene.

Samla parkeringsdekning for området må etter utbygginga vera minst tilsvarande som før utbygginga. Om dagens parkeringsområde vert nytta til anna føremål må eit tilsvarande areal byggast opp innanfor prosjektområde. Både idrettsanlegget og dei andre omkringliggande bygningane med allmennyttige føremål skal nytta parkeringsområdet.



C.4.3 Kartgrunnlag for infrastruktur

Sjå vedlegg. VA-anlegg frå kartgrunnlaget til Vindafjord kommune er lagt ved. Det er også skissert inn leidningstrase til Vats soknehus bedehus som er under opparbeiding.

Det må generelt takast med nødvendig omlegging for å hindra at bygningar vert ført opp over leidningar og kablar.

Det må påreknast avdekking av leidningar og kablar i grunnen som ikkje er teikna inn. Sanering eller omlegging av desse inngår også, sjå punkt C.1.3.

Det er ikkje avklart kor overvatn skal koplast til. Totalentreprenør har ansvar for å samle overvatn og legge dette fram til entreprisedelingsavgreininga.

Det arbeidast med å kartlegge tilgjengeleg sløkkevatn på området. Totalentreprenør kan forutsette tilkopling frå kum med brannventil.

D. KRAV TIL BYGGEPROSESS

D.1 Administrative rutinar

D.1.1 Kommunikasjon

All dokumentasjon og kommunikasjon (avklaringar, endringar, HMS, m.m.) i utføringsfasen skal føregå via prosjekthotellet.

D.1.2 Fakturering og kostnadsfordeling

Kontrakt med avtalt fastsum skal faktureras via EHF med avdragsnota kvar måned og etter en omforent betalingsplan og 30 dagars betalingsfrist. Notaene skal nummererast iht. retningslinjer i prosjekthotell og skal innehalde fakturert hittil, inneståande beløp akkumulert og i perioden og periodens beløp.

Forsikring og garanti skal vera dokumentert 14 dagar etter kontraktsinngåing, og seinast før honorering av første faktura.

Av omsyn til spelemidlar og momskompensasjon må det påreknast at kostnadar skal splittast mellom symjehall, bygdehus og utomhusareal i løpet av samspelsfasen.

D.1.3 Møter

Totalentreprenør innkallar til, leiar og referer frå møter.



Oppdragsgjevar skal ha rett til å delta i relevante møter, for eksempel prosjekterings- og koordineringsmøter.

D.1.4 Rapportering

Totalentreprenør skal kva måned rapportera byggherre om status for HMS, framdrift, kvalitet, avvik, økonomi og andel leverte timar frå lærlingar og faglærde handverkarar.

Rapporteringa skal følgje møteplanar og sendast byggherre seinast tre dagar før møte med aktuelt tema.

D.2 Kvalitetssikring

D.2.1 Kvalitetsplan

Med basis i entreprenørens overordna kvalitetssystem skal totalentreprenøren utarbeide ein prosjektilpassa kvalitetsplan for prosjektering og utføring av prosjektet.

Kvalitetsplanen skal dekke alle systematiske tiltak som er nødvendige for å sikre at kontraktens krav til rett og sikker utføring til avtalt pris blir planlagt og oppnådd.

Den overordna delen av kvalitetsplanen skal sendast byggherren for gjennomsyn.

D.2.2 Oppfølging av kvalitetsplan

Totalentreprenøren skal utarbeida kontrollplanar og sørge for nødvendig oppfølging av disse. Byggherrens representant skal i rimeleg tid varslast når eit arbeid er klart for kontroll. Eventuell kontroll utført av byggherre fritar ikkje entreprenøren for hans fulle ansvar for at kontrakten blir oppfylt. På spørsmål frå byggherre skal dokumentasjon for å bedømme arbeidet, kvalitet og framdrift leggast fram.

Byggherren skal ha tilgang til Totalentreprenørens digitale avvikssystem for kvalitet.

D.2.3 Uavhengig kontroll iht. SAK10 og kontroll utover forskriftskrav

Byggherre vil engasjere eksternt firma for uavhengig kontroll iht. SAK10. Det kan og vera aktuelt med kontroll utover forskriftskrava.

Totalentreprenøren plikter å gi uavhengig kontrollør innsyn i dokumenter som er nødvendig for gjennomføring av kontrollen.



E. FRISTER OG DAGMUKLTER

E.1 Fristar

Punkt	TRINN 2 Tilbod	Tidspunkt
1	Oppstart samspelsfase	31.05.2023
2	Samspel ferdig, forprosjekt og rev. tilbod levert	04.09.2023
3	Revidert pristilbods vedståingsfrist	04.12.2023
4	Intensjon om kontraktinngåing totalentreprise	09.10.2023
5	Byggestart	20.11.2023
6	Ferdigstilling og overtaking av bygga	20.01.2025
7	Prøvedrift tekniske anlegg i perioden	20.01.2025-19.01.2026
8	Formell overtaking tekniske anlegg	20.01.2026

E.2 Dagsmulkt

Ved forsinka levering som ikkje skyldast Kjøpar, eller ikkje kan førast tilbake til force majeure, kan Kjøpar krevje inn dagmulkt utan dokumentasjon av tap ved forseinkinga. Dagsmulkta skal, med mindre anna er avtalt, utgjere 2 – to - promille av den totale bestillingssum eks. mva. pr. kalenderdag inntil levering finn stad, eller Kjøpar hevar. Den totale summen av dagmulkt kan ikkje overstiga 10 % av den totale avtalesummen dersom ikkje anna er særlig avtalt.

I tabell E.1 er punkt 6 «Ferdigstilling og overtaking av bygga» belagt med dagmulkt. Ved forseinking av punkt 6 vil punkt 7 og 8 få ein tilsvarande forskyving.



F. VEDERLAG

F.1 Prissamanstilling

Det skal gis fastpristilbud på prosjektforslaget.

Som ein del av fastpristilbudet skal det spesifisere eigen fastpris for vidareutvikling av innlevert prosjektforslag fram til komplett forprosjekt med revidert pristilbud. Prisen for vidareutvikling skal ikkje prisregulerast.

Prisane skal opplysast i signert tilbods brevet på følgjande måte:

Punkt	Beskriving	Pris, eks. Mva.
1	Fastpristilbud prosjektforslag	
2	Samspelsfase. Vidareutvikling av prosjektforslag fram til forprosjekt (sum inngår i punkt 1)	

F.2 Regulering

For indeksregulering av kontrakt vert det lagt til grunn Byggjekostnadsindeks «Bustadblokker, i alt», med utgangspunkt i siste kjente indeks ved tilbudsfrist.